



Til medlemmar i Driftsstyret, Kleppe skule

## REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE KLEPPE SKULE TYSDAG 22.09.20 KL.18-20

### Tilstade:

Einar Erga (Barn&Unge), Anne-Gunn O Slethei (Ped.tilsett), Margareth S Roba (ped.tilsett), Mette E Brunnes (andre tilsette) og Sylvia Gjersdal (rektor)

Meldt forfall: Simon Giæver (FAU) og to medlemmar FAU. To medlemmar Elevrådsstyret.

### Sak 01/20-21    **Konstituering av Driftstyret og Skulemiljøutval**

- Leiar Driftstyret og Skulemiljøutval

Vi venter med valet til neste møte sidan foreldrerepresentantar ikkje var tilstade. Rektor fungerer som ordstyrar.

- Nestleiar Driftstyret og Skulemiljøutval

Vi venter med valet til neste møte sidan foreldrerepresentantar ikkje var tilstade.

- Foreldrerepresentant/FAU

Simon Giæver (leiar FAU) og to til frå FAU

- Pedagogisk personal

Margareth S Roba (år to av to)

Anne-Gunn O Slethei (år ein av to)

Vara: Margrete T Fuglestad (eitt år)

Vara: Torunn H Vesteraas (eitt år)

- Anna personal

Mette Erga Brunnes (år ein av to)

Vara: Anne Cathrine Veivåg (eitt år)

- Elevrepresentant/Elevrådsstyret

To elever frå Elevrådsstyret, tre når Skulemiljøutval. Elevrådsleiar møer, dei andre rullerer på å møte.

- Hovudutval skule og barnehage

Einar Erga

- Rektor

*Elevrådet haddde levert inn følgjande kommentar til Sak 01/20-21:*

*- Det har vært utfordrende å jobbe med elevrådsarbeid dette året når vi ikke kan samle hele elevrådet på skolen. Dette pga smittevern-hensyn. Elevrådet jobber med alternative måter å gjøre dette på. Mulig det blir laga filmer som kan diskuteres i klassene.*

*- Valg av elevråd blir også gjort på samme måte, med videoer av de som ønsker å stille til valg. Håper da at de enkelte trinna kan nominere to representanter inn i styret. Inntil nytt styre er valgt vil styre fra i fjor fungere som elevrådsstyre på Kleppe skule. Det er Ingeborg (7.trinn), Martin (7.trinn), Matheo (6.trinn) og Selma (6.trinn).*

Driftstyret vart konstituert med avtale om å velje leiar og nestleiar på neste møte.

### Sak 02/20-21    **Godkjenning av referatet frå 11.06.20**



Referatet vart godkjent.

### **Sak 03/20-21 Møteplan for Driftstyret 20-21**

Tysdag 22.09.20 kl. 18.00-20.00  
Torsdag 19.11.20 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)  
Tysdag 03.02.21 kl. 18.00-20.00  
Onsdag 08.04.21 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)  
Torsdag 09.06.21 kl. 18.00-20.00

Møteplanen vart godkjent.

### **Sak 04/20-21 Utviklingsplanen for Kleppe skule 2020-2022**

Endeleg utviklingsplan 2020-2022 var sendt ut i forkant. Rektor orienterte om prosessen. Satsingsområda er *Fagfornyninga* og *Trygt og inkluderande læringsmiljø*.

Vi drøfta også konsekvenser nedstenginga av skulane har hatt, då med tanke på korleis det påverka elevane sosialt, men og fagleg. Dei fekk god opplæring i heimeskuleperioden, men det er likevel områder vi ser var vanskeleg å arbeide med i heimeskulen.

Planen vart teken til orientering.

### **Sak 05/20-21 Økonomi og budsjett**

Orientering om økonomi så langt 2020 og budsjett 2021.

Forventer å kome ut i balanse ved årsskifte. Stort meirforbruk 2019 er iferd med å rette seg opp. Noko av meirforbruket vart dekkja av Barn & Unge. Det er venta inn store summar refusjonar frå UDIR, blant anna frå flyktningefondet, dersom desse kjem som forventa i desember 2020 er det forventa å kome ut i balanse, ev med eit lite meirforbruk.

Budsjett 2021 er ferdig, det er på ca same nivå som 2020. Utbygging og innkjøp til nybygg er det eige rekneskap for.

Drøfting kring økonomi og SFO, vanskeleg å halde SFO i balanse, foreldrebetaling og ramme til drift frå kommunen er ikkje nok til å dekke utgifter. Mange elevar treng meir vaksendekking enn det som er mogleg med ressursene. I tillegg er det fleire elevar frå 5.-7.trinn som har rett på gratis SFO.

Saka vart teken til orientering.

### **Sak 06/20-21 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Barn & Unge**

**Elevrådet:** (hadde sendt inn på førehand)

- *Når det gjelder uteområdet håper elevrådsstyret at elevane på Kleppe skule får bli med å si noe om hva de ønsker på de ulike uteområdene.*

*Ang tre og busker mellom naboer og uteområdet til 7.trinns plass ønsker elevrådsstyret at en beholder deler av denne naturlige grensen. Dette er en fin plass å være med tanke på skygge og at en har noe annet enn bare asfalt. Kjekt å leke gjemsel og andre leker her.*

- *Elevrådet håper at vi kan selge kaker til inntekt til elevrådet på Kleppe skule også dette skoleåret.*

**Skulen/SFO:** Koronaprega kvardag, men god skulekvardag likevel.

Orientering og drøfting kring utbygging og oppgradering av uteområda på skulen.

**Barn & Unge:** Barnehagebruksplanen har vore den største saka. Det at nokre barnehagar er foreslått nedlagt skaper engasjement. Budsjettarbeid og saka kring ny skule er saker framover.

### **Sak 07/20-21 Partnerskap mot mobbing**

Kort oppsummering frå 19-20. Samarbeid med Gleding, kurs for alle tilsette på planleggingsdag i august. Gleding dag med Siri Abrahamsen torsdag 17.september for elevane og digitalt foreldremøte. Positive tilbakemeldingar.

Det har vore tre møter i komiteen *Saman om eit trygt og godt nærmiljø* 19/20. Vore positivt med fleire frå FAU med i komiteen.

*Elevrådet:*

*Siri Abrahamsen hadde innlegg for elever fra 3.-7.trinn. Fint med fokus på å Glede hverandre.*

*Elevrådsstyre syntes det var et bra show.*

Planar for 20/21: Vi tek dette som hovudsak på møte i november (Skulemiljøutvalsmøte)

Klepp kommune, 28.09.20

Sylvia Gjersdal  
Referent